



**Notat**

Dato: 20.05.2015  
Arkivsak: 2014/558-140  
Saksbehandlar: oddber3

<b>Til:</b>	Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne
<b>Frå:</b>	Fylkesdirektør opplæring

**Oppfølging av skulebruksplanen - førespurnad frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har stillt følgjande førespurnad til Opplæringsavdelinga:

*«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok å sende ein førespurnad til opplæringsavdelinga for å få informasjon om korleis strukturen for tilrettelagt undervisning er i skulebruksplanen. Rådet ønskjer og å vite kor det vert eit tilbod om tilrettelagt opplæring i fylket og kva som er planen vidare.»*

Opplæringsavdelinga har som mål at alle dei vidaregåande skulane i Hordaland samt fagskulane skal kunne tilby tilrettelagt undervisning for elevar i *ordinært tilbod* utan at skulebygget i seg sjølv set skrankar for dette. Med tanke på skulebruksplanen betyr dette at alle eksisterande skular skal vere universelt utforma (UU) innan 2020. Dette er eit pågåande arbeid, og fleire skular har allereie fått på plass naudsynt UU. Alle nybygg vert bygd etter dagens standard for universell utforming.

På dei skulane det er planlagt byggearbeid (nybygg, rehabilitering) i åra framover vil UU-tilpassing bli gjort i samband med byggearbeidet. Slik planane ligg føre no, skal alle eksisterande skular i Hordaland vere UU-utforma når Nye Åsane vgs står ferdig tentativt skuleåret 2019/2020.

Når det gjeld elevar i grupper med redusert elevtal og som vert tatt opp på særskilt grunnlag, er dette tilbodet planlagt lokalisert og dimensjonert som vist i tabellen under:

Framtidig skolestruktur på Særskild tilpassa opplæring		TO tilpassa opplæring
NORD	Osterøy vgs	12
	Knarvik vgs	48
	U.Pihl/Åsane vgs	60
SENTRUM	Bergen tekniske	
	Amalie Skram	18
	Årstad vgs	62
SØR	Nordahl Grieg vgs	16
	Stend vgs	88
	Os vgs	11
	Sandsli vgs	10
	Fusa vgs	5
VEST	Fyllingsdalen vgs	8
	Laksevåg vgs	40
	Olsvikåsen vgs	30
	Askøy vgs	28
	Sotra vgs	32
SUNNH	Austevoll vgs	4
	Stord vgs	62
VOSSHARD	Kvinnherad vgs	4
	Øystese gymnas	12
	Odda vgs	12
	Nye Voss gymnas	16
<b>Hordaland</b>		<b>578</b>

Merknad til tabellen:

- ✓ Tilbodet planlagt på Amalie Skram vert lagt til Årstad vgs